

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 1:

Fylkesrådmannen sitt alternativ 2+3, med endringar:

Alternativ 2: «Augustforslaget» som inkluderer mellom anna 1 ekstra rundtur på Hodnanes- Jektavik	om lag 10,2 MNOK
Alternativ 3: tilsvarar alternativ 2 + 1 ekstra rundtur Jektavik-Hodnanes og 1 ekstra rundtur Sydnes-Fjelberg	om lag 3,5 MNOK
Tillegg til Alternativ 3, ytterlegare 2 ekstra rundturar på Hodnanes – Jektavik	Føreslått ramme: 6,0 MNOK
Total kostnadsramme	19,7 MNOK

Det er føresett at to ekstra rundturar på sambandet Hodnanes – Jektavik har ei total ekstra kostnad på om lag 6,0 MNOK eller lågare.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette på vegner av Frp, H, V fram slike forslag:

«Forslag 1

Alternativt punkt 1:

Fylkesrådmannen sitt alternativ 4, med tillegg av 2 ekstra rundturar Jektevik-Hodnaneset. Estimert kostnad ca 25 mill. kroner.»

«Forslag 2

Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen koma attende med ei utgreiing av potensiale for ei ekstra sommarferje i sambandet Jondal Tørvikbygd (trafikkgrunnlag, kostnader, ferjemateriell, tilhøve knytt til anbod m.v.)»

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt forslag:

«Alternativt:

1. Fylkesutvalet vedtar alternativ 3 i det utsendte saksframlegget som har ein auka kostnad på 13,7 millionar.
2. Fylkesutvalet føreset at Vestland fylkeskommune får ein andel av potten som er sett av til kollektivtrafikk i distrikta i regjeringas sin bompengepakke som kan gå til å dekke inn dei auka kostnadane knytt til styrking av ferjetilbodet.»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesutvalet vil understreka at for ferjesamband med vesentleg trafikkauke, må ein vurdere rom for auka kapasitet i anbodsperioden.»

## Røysting

Fylkesrådmannen si innstilling punkt 1 fekk ingen røyster og fall.

Kvamme sitt forslag punkt 1 fekk 5 røyster (A) og fall.

Kvamme sitt forslag punkt 2 fekk 5 røyster (A) og fall.

Søviknes sitt forslag 1 fekk 7 røyster (H, Frp, V, Sp) og fall.

Søviknes sitt forslag 2 vart samrøystes vedteke.

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen si innstilling punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

1. Fylkesrådmannen sitt alternativ 2+3, med endringar:

Alternativ 2: «Augustforslaget» som inkluderer mellom anna 1 ekstra rundtur på Hodnanes- Jektavik	om lag 10,2 MNOK
Alternativ 3: tilsvarar alternativ 2 + 1 ekstra rundtur Jektavik-Hodnanes og 1 ekstra rundtur Sydnes-Fjelberg	om lag 3,5 MNOK
Tillegg til Alternativ 3, ytterlegare 2 ekstra rundturar på Hodnanes – Jektavik	Føreslått ramme: 6,0 MNOK
Total kostnadsramme	19,7 MNOK

Det er føresett at to ekstra rundturar på sambandet Hodnanes – Jektavik har ei total ekstra kostnad på om lag 6,0 MNOK eller lågare.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å starte eit samarbeidsprosjekt med operatørselskapa for å sjå på korleis ein kan optimere bruken av det eksisterande batteri- og ladeutstyret. Fylkesrådmannen skal halde fylkesutvalet orientert om status i prosjektet gjennom 2020.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen koma attende med ei utgreiing av potensiale for ei ekstra sommarferje i sambandet Jondal Tørvikbygd (trafikkgrunnlag, kostnader, ferjemateriell, tilhøve knytt til anbod m.v.).
4. Fylkesutvalet vil understreka at for ferjesamband med vesentleg trafikkauke, må ein vurdera rom for auka kapasitet i anbodsperioden.